



# Transport til slakteri – kan vi bli bedre?

Forfatter

Inge Midtvei, spesialveterinær, Animalia

Sammendrag

Noreg har om lag like låg andel transportdøde sau og lam som Storbritannia, men andelen i vintermånadene er for høg. Årsaka er dårlegare kondisjon og helse hjå dyr som slaktast utanfor sesongen. Sjølv om det berre dør 250-300 sau og lam på veg til slakteri og under oppstalling, så kan talet reduserast med liten innsats.

Publisert

2015

Referanse

Sau og Geit 6/2015

Utskriftsdato

07.12.2023 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

# Transport til slakteri – kan vi bli betre?

*Noreg har om lag like låg andel transportdøde sau og lam som Storbritannia, men andelen i vintermånadene er for høg. Årsaka er dårlegare kondisjon og helse hjå dyr som slaktast utanfor sesongen. Sjølv om det berre dør 250-300 sau og lam på veg til slakteri og under oppstalling, så kan talet reduserast med liten innsats.*

Statistikk frå Animalia viser at andelen sau og lam som dør under transport og oppstalling på slakteri over fleire år har vore høgare om vinteren enn om hausten. For å finne meir ut om kva desse dyra dør av, starta Animalia ei undersøking i samarbeid med Veterinærinstituttet.

Tre slakteri deltok i undersøkinga. Frå desse slakteria skulle alle sau og lam som døde eller vart avliva av velferdsgrunnar på dyrebil eller slaktefjøs sendast til Veterinærinstituttet for

obduksjon. Totalt vart det obduisert 72 sau og lam i prosjektperioden som strekte seg over heile 2013 og fram til og med fyrste kvartal 2014.

## Stor variasjon i kor mange som dør


Det har dei siste fire åra vore 3-5 gonger så høg andel døde i fyrste kvartal som i tredje kvartal. I haustsesongen, som omfattar delar av tredje og fjerde kvartal, dør det ein mindre andel enn snittet for heile året. Om lag 80% av den norske slaktemengda blir slakta i denne perioden. Tala for 2011 til og med andre kvartal 2015 er vist i figur 1.

## Kvifor dør desse dyra?


Veterinærinstituttet har kategorisert obduksjonsfunna i tre hovudkategoriar; akutte tilstandar, underliggende sjukdom og ein kategori der ein ikkje finn noko sikker diagnose. Figur 2 viser fordelinga av desse per kvartal. Ein ser at underliggende sjukdom er den viktigaste dødsårsaken i fyrste kvartal, medan ein for resten av året har om lag like mange som dør av akutte tilstandar som av underliggende sjukdom. Med underliggende sjukdom meiner ein sjukdom som dyret hadde før det vart sendt frå garden. Det omfattar blant anna lungebetennelse, mage- og tarmparasittar og generell avmagring. Med akutte tilstandar reknast kveling av dyr som legg seg og ikkje klarer å reise seg på grunn av for dårleg plass. Vidare er hovud eller nakkeskader på grunn av stanging, samt hjartesvikt og tarmslyng påvist.

## Sauen friskast om hausten

Det dør ein høgare andel sau og lam, i samband med transport og oppstalling, i fyrste enn i andre halvår. Eit anna uttrykk for helse og kondisjon hjå sau og lam som blir slakta, er Matilsynets kassasjonar i kjøttkontrollen.



Figur 1. Prosentandel transportdøde sau og lam av alle slakta per kvartal for åra 2011 til og med andre kvartal 2015.



Figur 2. Fordeling av diagnosegrupper per kvartal som andel av slakta per kvartal.

Dette er altså dyr som er godkjent for slakting, men som etter undersøking av slakteskrotten og indre organ ikkje blir funnen eigna til folkemat. Disse tala viser også at det er meir sjukdom i fyrste og andre kvartal enn resten av året. Ved dei tre slakteria som me undersøkte er det faktisk om lag ti gonger så høg andel totalkasserte sau og lam i andre kvartal som i tredje kvartal. *Figur 3* viser tal frå Mattilsynet over totalkasserte sau og lam ved dei tre slakteria som var med i undersøkinga.

Andelen dyr som var avmagra eller magre var høgast blant dei dyra som døde av underliggende sjukdom. Ingen av dyra som døde utan nokon underliggende sjukdom var avmagra. *Figur 4* viser fordeling av dyra etter hald med og utan underliggende sjukdom.


### Transportkvalitet og transportlengde

Gjennomsnittleg transporttid inn til dei tre slakteria var 2,4, 2,8 og 3,9 timar. Det er kjent, både frå forskning og praktisk erfaring, at sau og lam toler godt å bli transportert utan fare for dyras velferd. Transport i åtte timar, som er det maksimale ein har lov til i Noreg, er ikkje noko stor belastning for sau og lam dersom dei er friske og i god kondisjon og krava til ventilasjon og plass er oppfylt. Det er avgjerande at arealkrava blir overhaldne, noko som inneber minst 0,30 m<sup>2</sup> for eit gjennomsnittleg slaktelam med ull på 45 kg.


### Konklusjon og tiltak

Det dør ein vesentleg høgare andel sau og lam vinter og vår. Ein del av desse døde som følgje av sjukdom som oppsto før transporten. Slik sjukdom kan vera uråd å oppdage for sauebonden eller den kan ha oppstått eller blitt akutt verre under transport eller oppstalling. Likevel er det grunn til å tru at ein del av dyra hadde sjukdom som produsenten visste om, men som han eller ho ikkje tok omsyn til når dyret vart bestemt slakta. Dersom alle desse dyra vart tatt ut av statistikken, så hadde dødelegheit under transport vore lågast i verda. Sjå også eiga sak om sauebondens vurdering av sine dyr før transport.

Av Inge Midtveit  
spesialveterinær, Animalia >>



**Figur 3.** Prosentandel totalkasserte sau og lam i kjøttkontrollen ved tre slakteri, kjelde: Mattilsynet.



**Figur 4.** Ernæringstilstand hjå dyr med og utan underliggende sjukdom.

Velkommen til vårt  
**FABRIKKUTSALG**

Me tek imot skinn for  
**beredning**

Stort utvalg i skinn av sau, rein, geit, samt lær og andre produkter. *Velkommen!*

Besøk våre nettsider for info om beredning og salg av norsk produserte skinn.

**GRANBERG GARVERI**  
5582 Øleravåg · Tlf. 52 76 50 00

[www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

# Kan sauene transporteres?

## **Sauebonden har den viktigaste jobben for å sikre sauens velferd i samband med transport til slakt.**

Sauens helse og kondisjon er heilt avgjerande for velferden under transport. Transporttida i Noreg er lite relevant for dyras velferd, samanlikna med helse og kondisjon, så lenge areal- og ventilasjonskrav er oppfylt. Difor bør sauebonden før transport vurdere tilstanden til dyra sine. Han eller ho kjenner sine dyr og veit om det er noko som kan påverke deira evne til å tole transporten, og dette skal formidlast til dyrebilsjåføren. Sjåføren kan aldri sjekke grundig alle dyr i løpet av den korte tida som pålessinga varer. Han er difor heilt avhengig av rett informasjon frå dyreeigar. Sauebondens underskrift på transport-seddel er ei erklæring på at ein har vurdert dyra som egna til folkemat, friske og transportdyktige. Dersom ein ikkje har gjort ei slik vurdering av dyra eller har oppgjeve feil eller mangelfulle

opplysningar til sjåfør, så er det eit brot på forskrift om næringsmessig transport av dyr.

### **Kva skal ein sjå etter?**

Alle tilstandar som har påverka sauens helse og kondisjon er viktige i forhold til transport. Oftast er det lett å plukke ut dei som tydeleg ikkje er transportdyktige, dette kan til dømes vera

- Dyr med feber
- Dyr som et lite eller ingenting
- Dyr som er sløve og uoppmerksame, som står og heng
- Dyr som ikkje følgjer flokken under flytting og handtering
- Dyr som ikkje tek støtte på ein fot på grunn av smerter i bein eller klauv
- Dyr med alvorlege, opne sår til dømes på grunn av jurbetennelse, bittskader og liknande.
- Dyr i svært dårleg hald (haldpoeng 1)
- Sau siste to veker før og ei veke etter lamming (unntak innafor garden)

Det er likevel dei dyra som ikkje er tydeleg sjuke, men som heller ikkje er

heilt friske som er ei utfordring å vurdere om ein kan sende med dyrebilen. I vurderinga må ein ta med kva for transport dei skal sendast med. Ein ordinær dyretransport med 20-25 dyr i rommet og 140-180 lam på heile bilen, har ikkje fleksibilitet til å ta med dyr med spesielle behov. Difor må alle vera fullt transportdyktige. Dersom dyrebilen derimot har eit ledig rom eller ein sjølv kan transportere sauene inn på ein god måte, så kan sau kanskje ikkje vil tåle ordinær transport likevel kunne transporteres på ein forsvarleg måte. Dette føreset at dyret har god plass, har egna selskap og rikeleg strø.

Dette kan til dømes gjelde:

- Dyr som avvik frå flokken pga. ull, hårlag eller generell trivsel
- Noko magre dyr som trass i god appetitt og føring eller beite ikkje legg på seg
- Søyler med brokk (vomiskinn)
- Dyr som haltar litt (tek støtte på foten, men legg ikkje full vekt på den)



Sjølvsagt om det blir brukt strø, så blir golvet på dyrebilen vått og griset dersom dyra ikkje er faste dei siste 6-12 timar før transporten.



Det er viktig at dyra er faste 6-12 t før transport for at golvet skal halde seg tørt og fint. Biletet viser dyr som er tatt på bil rett frå full føring.

Sauebonden bør ta med i vurderinga om det kan vera best å avlive dyret på garden, dette gjeld særleg små og tynne lam og magre søyer som truleg ikkje er egna til folkemat. Når det gjeld eigen-transport, så kan sauebonden transportere egne dyr under 50 km utan kompetansebevis. Beitekøyning er unntatt frå dette kravet. Dersom ein er i tvil om dyret kan transporterast, skal ein konferere med dyrebilsjåfør eller veterinær – ofte er tilsynsveterinær på slakteriet den som er mest naturleg å kontakte.

### Gjer transporten best mogleg for dyra

Dyra skal stå klar i eigen bingje og grinder og drivgangar skal vera klart til dyrebilen kjem. Du bør ta dyra av beite eller stoppe all føring 6-12 timar før transport. Då blir transporten meir komfortabel for dyra og det blir reinare og trivelegare på dyrebilen. For slaktehygienien er fasting også viktig.

*Tekst og foto: Inge Midtveit  
spesialveterinær, Animalia*



**findmysheep.com**  
Sporing av husdyr på utmarksbeite

Fungerer uten mobildekning  
Effektiviserer sanking og tilsyn  
Enkel montering og bruk  
App for smarttelefon  
Oppladbare batterier  
Gratis support

Salget for beitesesongen 2015 er nå i gang.  
Ring oss eller ta kontakt via våre hjemmesider for tilbud.

Sparebank 1 finans tilbyr gunstige leasingavtaler.  
Sjekk vår leasingkalkulator på [www.findmysheep.com/leasing](http://www.findmysheep.com/leasing)

Ulset 2512 Kvikne | 62 00 90 20 | [post@findmysheep.com](mailto:post@findmysheep.com) | [www.findmysheep.com](http://www.findmysheep.com)

Borte bra,  
hjemme best!